

Referat frå FAU-møte 04.12.25

Møte varte frå 18:30 til 19:45

Tilstades: Kari F. Folgerø, Tom Larsen, Turid Meanger, Ida S. Steinsland, Karl Petter Økland, Liv Tori Selle, Steinar Sætre, Silje Seth Hildestrand og Aile Hidle Sahr.

Saker:

1. Støtte til matlaging og julekransar

Spørsmålet frå BUS om støtte til utlegg for matlaging og kransar vart teke opp. Kostnadar er på 2530 kroner, og det vart vist til at det tidlegare har vore støtte til liknande aktivitet. FAU er positiv til å dekke dette beløpet.

2. Jole

Når det gjeld Jole-arrangementet, vart det spurt om FAU kan bidra med mat og drikke mellom framsyningane måndag 15. desember, samt ryddevakter etter framsyninga tysdag 16. desember. Det gjeld både rydding i garderobane og transport av utstyr til BUS.

FAU vedtok å støtte innkjøp av pizza og drikke. Tom prøver å forhandle ein god pris, medan Kari har dialog med BUS og tar ansvar for at bestilling blir gjort.

Ryddinga blir delegert til 10. klasse, som har framsyninga den dagen. Det skal være tilstrekkeleg med to vakter/foreldre per klasse. Elisabeth organiserer påmelding av ryddevakter og fungerer som ein kontaktperson frå FAU. Skulen sender ut ei melding om dette.

3. Elevkveld

Det vart meldt at det er god kontroll på organisering av vakter og mat. Brettspel blir lånt av BUS, og Turid sørger for at dei er på plass.

4. Støtte til gapahuk

Har fått avslag. Søknaden om støtte til gapahuk vart avslått for inneverande år. Det vart rådd til å søke tidlegare neste år, og temaet skal drøftast på neste FAU-møte. FAU må finne ut kor ein kan søke om midlar, samle meir informasjon om den planlagde gapahuken og undersøke eventuelle krav til oppføring. Samt gå over budsjettet og revidere dette om naudsynt.

5. Møter i skuletida

Saka om møter i skuletida vart kort omtala. Ho har vore behandla i FAU og SU tidlegare, og rektor har gjort det klart at ho ikkje har tenkt å endre på svaret sitt. Saka kom opp igjen på SU-møtet no, og alle som var til stades opplevde svaret frå rektor som greitt. Kari representerte FAU på møtet.

6. Val av klassekontaktar

Det kom innspel frå ein føresett på åttande trinn om val av klassekontaktar. Det vart foreslått å ha fire klassekontaktar i staden for to vara.

FAU drøfta innspelet og kom til at dette vert opp til kvar enkelt klasse å avgjere.

Under drøftinga kom det fram at fleire truleg er usikre på kven som er klassekontakt for dei ulike klassane. På kommunen sine nettsider kan ein enkelt finne fram til denne informasjonen, og FAU vil oppmode skulen v/kontaktlærarane til å sende ut lenke til dette på Vigilo.

7. *Eventuelt*

Det vart peika på behovet for å lage eit årshjul med alle arrangement og fristar for søknadar m.m., slik at framtidige FAU-styrer har oversikt. Det vart også drøfta om det bør opprettast ein arrangementskomité internt i FAU. Det blei bestemt å ta dette opp på neste møte.

Sist møte vart behovet for ein plattform, der FAU kunne samla dokument, teke opp. Teams er ein kjent kanal og blei føreslått som eit alternativ. Det blei nemnd at ikkje alle kunne delta pga. krav til Microsoft konto. .. kom fram til at hovudformålet er å samle dokument og anna informasjon på ein plass, då det ikkje er noko slikt system etablert i FAU per d.d. Kari undersøker dette vidare.

Rektor ved BUS styrer kontoen til FAU. Det er ønskeleg med ein oversikt over økonomien til neste møte.

Neste møte vert halde på Bremnes ungdomsskule 19. februar 2025 klokka 18.30.

Skrivar

Aile Hidle Sahr